




OMSTILLINGS
PROGRAMMET

Årsrapport 2021

Handsama av styret i omstillingsprogrammet Sykkylven: 27.januar 2022

Vedteken av kommunestyret i Sykkylven: 14.februar 2022 (til vedtak per 7.2.2022)

Visjon: Bidra til skaparglede og nye arbeidsplassar!





Innhold

1. Innleiing	4
.....	5
1.1 Årlege handlingsplanar	5
1.2 Situasjonen for næringslivet i Sykkylven i 2021	5
1.3 Erfaring frå første år	5
1. Mål og resultat	6
2.1 Overordna mål og resultat	6
2.2 Resultat og aktivitet første omstillingsår – 2021.....	8
2.3 Programstatusvurdering.....	11
2. Innsatsområda – resultat	12
3.1 Innsatsområde 1. Skaparglede i næringslivet	12
3.2 Innsatsområde 2. Opplevingsnæringane.....	13
3.3 Innsatsområde 3. Samarbeid og nettverk	14
3.4 Innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven	15
3. Organisering og drift.....	16
4.1 Organisasjonsform og eigarskap	16
4.2 Omstillingsstyret.....	16
4.3 Samarbeidsrelasjonar	16
4.4 Administrasjon og drift.....	16
4. Kommunikasjon.....	17
5. Finansiering og innvilgingstatus 2021	17
6. Rekneskap omstillingsprogrammet 2021	18

7. Vedlegg.....	20
Vedlegg 1 – Prosjektportefølje 2021.....	20
Vedlegg 2 - Oversikt deltakarar SMB-utvikling og PLP-kurs 2021.....	21
Vedlegg 3 - Oversikt Informasjon om omstillingsprogrammet, media og møter	23



2021 i tal

Totalramme

5.4 mill.kr.

Prosjekt i gong i
bedrifter/nettverk

13 stk.

Nye og sikra arbeidsplassar


11 stk.

Ekstra midlar utløyst frå det
offentlege

+1.246.888kr

Store program i gong

3 stk.





1. Innleiing

2021 var første året med omstillingsprogram i Sykkylven kommune, og i årsrapporten her ser vi tilbake på dei måla som var satt; kva mål nådde vi, kva mål nådde vi ikkje – og kvifor. Korleis gjekk det med oss i innleiande år i omstillingsprogrammet?

Sykkylven kommune fekk i 2021 omstillingsstatus – dette betyr seks år med ekstraordinær innsats for næringsutvikling gjennom det som kallas eit omstillingsprogram. Den ekstraordinære innsatsen er eit spleiselag mellom Møre og Romsdal Fylkeskommune, Sykkylven kommune og Sykkylven Industri- og Næringslag. Totalt er det satt av 32,4 millionar kroner til omstillingsarbeidet over ein periode på 6 år. Av det bidreg Møre og Romsdal fylkeskommune med omlag 24 millionar og Sykkylven kommune og Sykkylven Industri- og Næringslag med omlag 8,4 millionar kroner. I tillegg er Innovasjon Norge med å delfinansierer ein del sentrale prosjekt/verktøy som kan tas i bruk i omstillingsprogrammet.

Vi har omstillingsstatus frå 2021 til og med 2026, og i denne perioden har vi satt oss eit mål om å bidra til å skape nye og sikre 170 arbeidsplassar i Sykkylven.

Sykkylven har i dag ein sterk møbelindustri med røter tilbake til 1800-talet, entreprenøranda er også noko som kjenneteikna Sykkylven. Dette er kompetanse og kvalitetar vi skal bygge vidare på! Med ein høg del eksport tilknytt møbelindustrien, har vi bedrifter som operera i den internasjonale marknaden og dermed blir påverka av dei svingingane som skjer der ute, vi seier at vi har ein einseitig næringsstruktur – noko som gjer oss til ei sårbar kommune.

Omstillingsprogram, kva er det?

Sykkylven kommune har fått omstillingsstatus – **dette betyr seks år med ekstraordinær innsats for næringsutvikling** gjennom det som kallas eit omstillingsprogram.

Det er eit ønske om å utvikle ei bredde i næringslivet i Sykkylven, for å redusere den sårbarheita som kjem av ein einseitig næringsstruktur. Samtidig er et eit ønske om å bidra til eit meir robust næringsliv som er berekraftig inn i framtida. Difor vil omstillingsprogrammet bidra til å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Omstillingsarbeidet skal òg bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.

Det er valt fire prioriterte innsatsområde i omstillingsplanen:

- 1. Skaparglede i næringslivet**
- 2. Opplevingsnæringar**
- 3. Samarbeid og nettverk**
- 4. Attraktive Sykkylven**

For kvart innsatsområde i omstillingsplanen er det utarbeid ulike strategiar med delmål. Desse er nærmare skildra i kapittel 4. Arbeidsplassmålet er periodisert og målsett. Omstillingsmidlane kan brukast til hovudsakeleg forstudie og forprosjekt. Eksempelvis kan følgande prosjekt støttast:

- Kompetanseutvikling
- Etablering av ny verksemd/utvikling av eksisterande bedrifter
- Nettverksbygging mellom bedrifter



Ifølge retningslinjene kan det ikkje gis støtte til drift av næringsverksemd eller organisasjonar, direkte eller indirekte støtte til investeringar i verksemdene sin eigenkapital, støtte til investeringar eller støtte til å utføre statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagte oppgåver.

Det handlar om skaparglede og nye arbeidsplassar. Vi skal bygge på den skapargleda som ligg i Sykkylven, og vi skal både sikre og skape nye arbeidsplassar.

«Skaparglede og nye arbeidsplassar»

- Visjon for omstillingsprogrammet i Sykkylven

1.1 Årlege handlingsplanar

Strategien ligg i botn, utarbeida for 2021-2026. Handlingsplanane er ei årleg konkretisering av omstillingsplanens innsatsområde med strategiar og tiltak. Tiltak og prosjekt som er vedteke gjennomført i handlingsplanen skal godkjennast av styret for omstillingsprogrammet før dei blir igangsette.

1.2 Situasjonen for næringslivet i Sykkylven i 2021

Året 2021 har vore nok eit år prega av korona, noko som har vore gjeldande for næringslivet i Sykkylven så vel som næringsliv i Møre og Romsdal og for landet elles. Bedriftene tilknytt møbelnæringa, industri, samt bygg- og anlegg har hatt god etterspørsel og nok arbeid, dei største utfordringane her har lagt i tilgang på arbeidsressursar. Etterspørselen etter varer, spesielt i møbelnæringa, tilvisar næringa sjølv eit økt fokus på investeringar i hus og heim da korona har avgrensa nordmenns moglegheiter til å bruke pengar på reise, noko som visar at dette framleis er ei nærings som er sårbar for svingingar i marknaden. Handelsnæringa

har også klart seg greitt igjennom korona-tida, da ein ser mindre handelslekkasje til Ålesund. Reiselivsnæringa er nok den næringa som har lidd mest i 2021, der nasjonale restriksjonar har påverka dei direkte, konsekvensane har i verste fall vore stenging av restaurantar og aktivitetstilbod, samt permittering av tilsette, og sjølvstapt tap av inntekt. Sykkylven Næringsutvikling (SNU), forvaltar nasjonal kompensasjonsordning på vegne av Sykkylven kommune, og her har bedrifter fått bistand til å søke kompensasjon for tap som skyldast korona.

1.3 Erfaring frå første år

Arbeidet i omstillingsprogrammet skal årleg evaluerast gjennom programstatusvurdering, og det skal ved slutten av kvart år lagast ny handlingsplan for komande år. Årlege handlingsplanar gjev oss fleksibilitet og handlingsrom til å justere kursen slik at innsatsen vår best mogleg er tilpassa dagens situasjon og behov.

Fyste år har handla mykje om å kommunisere til interessentar kva omstillingsprogrammet er, og kva omstillingsmidlane kan brukast til. Kommunikasjon er både viktig og krevjande, og vil vere ei oppgåve som er høgt prioritert også i det vidare arbeidet.

Det har også blitt arbeida mykje med rolleavklaring internt i kommunens næringsapparat, spesielt mellom kommunen si næringsavdeling, Sykkylven Næringsutvikling, og omstillingsprogrammet. Det er viktig at arbeidet i næringsapparatet er godt koordinert, og at næringsplan og omstillingsplan er samkøyrte og dreg i same retning.



1. Mål og resultat

2.1 Overordna mål og resultat

Hovudmålet for omstillinga er å bidra til å skape ein meir robust og variert næringsstruktur, gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Det blir viktig å utvikle ein breidde i næringslivet for å redusere sårbarheita, og samtidig vidareutvikle dei lokale bedriftene gjennom kompetanseutvikling og auka samarbeid for å styrke konkurransekrafta. Omstillingsarbeidet skal og bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.

Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Tabellen nedanfor viser periodiserte mål for innsatsområda i omstillingsplanen.

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
1. Skaparglede i næringslivet	10	15	25	25	25	30	130
2. Opplevingsnæringar	5	5	5	5	5	5	30
3. Samarbeid og nettverk	0	2	2	2	2	2	10
4. Attraktive Sykkylven	0	0	0	0	0	0	0
Sum mål arbeidsplassar	15	22	32	32	32	37	170
Akkumulert mål	15	37	69	101	133	170	170

Vi tel brutto arbeidsplassar som omstillingsmidlane bidrar til å sikre og/eller skape gjennom å støtte bedriftene på ulike måtar (eks. ved støtte til utviklingsprosjekt, bedriftsrådgiving, kompetanseheevande tiltak etc.). Arbeidsplassane blir talde etter ei skjønnsmessig vurdering frå bedriftene

sjølv, ved slutten av kvart år, samt dokumentert via brutto innrapportering av prosjektleiarrapportar frå enkeltprosjekt.

Den direkte effekten frå omstillingsarbeidet vil vere realiseringa av resultatmålet på 170 nye/sikra arbeidsplassar. Den indirekte effekten vil vere auka verdiskaping og ein meir robust næringsstruktur, ei styrka utviklingevne i bedriftene, og oppfatninga av Sykkylven kommune som ei attraktiv kommune å bu, leve og arbeide i.

Omstillingsprogrammet følg med på nokre måleindikatorar for å sjå korleis vi ligg an til å nå dei indirekte måla våre som går på å vere ei kommune med eit robust og variert næringsliv, der det er attraktivt å drive næringsverksemd og der folk ønskjer å leve og bu. Fyste åra vil vi vanskeleg kunne trekke nokon samanheng i mellom innsatsen i frå omstillingsprogrammet og resultata som måleindikatorane vi har valt ut viser, som sysselsettingsutvikling og befolkningsvekst. Det er likevel nyttig å følgje med på desse tala, slik at vi heile tida veit kva som er utgangspunktet vårt. Tala og situasjonen som vi gjekk inn i 2021 med, er nokså uforandra gjennom året, så langt vi kan sjå med dei tala som er tilgjengeleg for 2021. For 2021 ser vi på plassering i NHOs kommune-NM, sysselsettingsutvikling, nyetableringar og demografisk utvikling.

Plassering i NHOs kommune-NM

Kommune NM er ei rangering utarbeida av Næringslivets hovudorganisasjon (NHO), der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft, med utgangspunkt i vurderingar knytt til næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse, og kommunal økonomi. Plasseringa i 2021 er basert på tal i frå 2020. Her vert Sykkylven rangert som middelst god totalt sett.



Demografisk utvikling

Befolkningsveksten er negativ på -0,4 prosent, nær fylkessnittet, men godt under landssnittet på 0,7 prosent, viser tal frå NHOs kommune NM. Ser ein nærmare på tala er største nedgangen i Straumgjerde, Ullavik og Vik. Statistikk frå SSB visar redusert påfyll i aldersgruppa 0-19 år, og få kvinner i aldersgruppa 20-40 år, nedgang i tal kvinner er ei aukande trend. Innvandring er viktig for folketalsutviklinga.



Kilde
Befolkning, Statistisk sentralbyrå

Sysselsettingsutvikling

NHOs kommune-NM visar ein sysselsettingsdel på 75,7 prosent i Sykkylven, noko som er likt landsgjennomsnittet, men over fylkessnittet. Arbeidsledigheita er på 1,9 prosent, langt under både landssnittet og fylkessnittet på høvesvis 4,1 og 3,1 prosent. Vi har fleire som er buset i Sykkylven i arbeidsfør alder og i arbeid, enn det er arbeidsplassar. Vi ser ei økt innpendling og utpendling over dei siste åra, og her er det dei nærliggande kommunane Stranda og Ålesund vi har mest aktivitet til/frå.

Pendling



Kilde
Sysselsetting, registerbasert, Statistisk sentralbyrå

Nyetableringar

Det finns ikkje nyare tal enn frå 2019 på nyetableringar. Etter nokre år med både kraftig oppgang og nedgang i tal på nyetableringar i 2013 og 2014, visar det ei svak positiv endring i 2018 og 2019 opp 8,3 og 7,7 prosent.



2.2 Resultat og aktivitet første omstillingsår – 2021


2021 var oppstartsåret for omstillingsprogrammet i Sykkylven, og hovudfokuset har vært å sette i gong aktivitetar som gitt i handlingsplanen for 2021. Våren 2021 var administrasjonen av omstillingsprogrammet ivareteke av dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling AS (SNU), Åsne Folstad. Då vart det prioritert å sette i gong med anbudsprosessar rundt tre større program, slik at dei skulle kunne starte opp i løpet av første omstillingsår. Dei tre programma var SMB-utvikling, Reisemålsutvikling og Næringsvennlig kommune. Frå 1.5.2021 var programleiar på plass, og tok over administrasjonen av omstillingsprogrammet, men i tett dialog med dagleg leiar i SNU.

Oppsummert har omstillingsprogrammet i 2021 støtta 13 utviklingsprosjekt i frå næringslivet, og igangsett 8 større aktivitetar, av dei to store program for næringslivet spesielt og eit for kommunen som tilretteleggjar for næringslivet. **Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 4 arbeidsplassar og skape 7 nye arbeidsplassar i 2021. Vi gler oss over at næringslivet har sikra og skapt totalt 11 arbeidsplassar, det var nære målet på 15, godt jobba!** Sjå vedlegg 1 for oversikt over totalt innvilga tilsegn til bedriftsretta prosjekt og større programaktivitet.

Fleire store programaktivitetar er igangsett, herunder SMB-utvikling fase 1 og 2, Reisemålsutvikling fase 1 og 2, samt Næringsvennlig kommune fase 1 og 2. I tillegg er ei rekke mindre aktivitetar gjennomført, som kompetansekratleggingar, mindre kurs og kommunikasjonsarbeid. Sjå vedlegg 2 for oversikt over deltakarar i SMB-utvikling og PLP-kurs.

Vi har motteke og **innvilga 13 prosjektsøknadar i frå bedriftene**. Dei fyste søknadane kom inn i august 2021, eit halvt år inn i prosjektet, noko som kan vitne om at kommunikasjonsarbeidet har tatt noko tid, ikkje uvanleg i eit oppstartsår. Prosjektarbeidet i bedriftene er ein viktig drivar for å sikre og skape nye arbeidsplassar. **Programmet SMB-utvikling** kom i gong med

forstudie-fasen i juni, der vi fekk snakka med 21 bedrifter om deira utviklingsmoglegheiter. Her var programleiar med og fekk kommunisert moglegheitene i omstillingsprogrammet, og her låg nok noko av grunnen til at det lausna med søknadar utover hausten 2021. På same vis var også **programmet for reisemålsutvikling** i dialog med reiselivsbedrifter, og **programmet næringsvennleg kommune** i dialog med næringslivet generelt, og fekk opp kunnskapen om moglegheitene for å søke midlar til utviklingsprosjekt. Innkomne søknadar tok seg opp og ved utgangen av 2021 har vi som sagt innvilga støtte til 13 utviklingsprosjekt i frå næringslivet.





Omstillingsprogrammet 2021 - årsrapport

Andre aktiviteter som vart gjennomført i regi av omstillingsprogrammet i 2021 var kurs i PLP-metodikken, ei generell kompetansekartlegging i næringslivet og ei meir målretta digital kompetansekartlegging i næringslivet. Desse kartleggingane har vore viktige temperaturmålarar på kva bedriftene treng og ønskjer av kompetansehevande tiltak. Ut i frå desse kartleggingane, kan vi meir målretta sette opp kurs og tilby andre kompetansehevande tiltak til bedriftene.

Kommunikasjon av kva omstillingsprogrammet kan bidra med til næringslivet i Sykkylven, som ein ekstraordinær innsats for næringsutvikling, har vore viktig å få gjort kjent. Det har tatt tid å kommunisere kva omstillingsprogrammet er, kva midla kan brukast til og kven som kan søkje. Og det er eit kontinuerleg arbeid. Det var tidleg klart at SNU og omstillingsprogrammet måtte samordne denne kommunikasjonen, og spesielt naudsynt vart det å få oppgradert nettsidene skaparglede.no. Det vart difor allereie i juni satt i gong eit arbeid for å vidareutvikle nettsidene, og nettsidene vart lansert i oktober 2021.

SKAPARGLEDE

Kva er din idé?

Ambisjonar om å skape noko nytt? Har de tankar om å utvikle bedrifta? Starte eiga bedrift? Kanskje har bedrifta dykkar behov for å auka kompetansen innanfor eit felt?

Vi er her for dykk og vil hjelpe til vidare på vegen. Kom innom oss for en uformell kaffepprat, ring eller send oss ei melding!

[VI HAR EN idé](#) [STØTTEPROGRAM](#)

Aktuelt

Kompetansekartlegging

Frukostmøte 5. november

Vi vil vilt korleis du opplever kompetansebehovet i di bedrift. Svar på undersøkinga innan 7. november!

Temo: kompetansebehov i dei lokale næringslivet og rekruttering. Sett av ein time, velkommen skal du vere!

Bli med å skape fleire spanande arbeidsplassar i Sykkylven!



Kva kan eg søke om midlar til?

Bedrifter, organisasjonar eller privatpersonar som ønsker å starte eller utvikle verksemd i Sykkylven kan søke om økonomisk bistand frå omstillingsmidlane. Kravet er at tiltaket de ønsker å utvikle fell inn under omstillingsprogrammet i Sykkylven sine fire innsatsområde: 1. Skaparglede i næringslivet, 2. Opplevingsnæringer, 3. Samarbeid og nettverk, og 4. Attraktive Sykkylven.

Ta kontakt, så kan vi ta ein prat om søkand!

Ta gjerne ein kikk her for kriteria for støtte:



Det var også viktig for omstillingsprogrammet å kommunisere om programmet til eigarane, kommunestyret, og til næringsliv og lokalbefolkning. Både før sommaren, etter sommaren og utover hausten, har omstillingsprogrammet prioritert å delta på diverse lokale og regionale møter, både i næringsliv og politisk, samt nytta lokale media for å fortelje om dei ekstraordinære midla Sykkylven kommune no har fått til næringsutvikling. Dei sosiale media Facebook og Instagram har vore nytta til å informere om aktivitetar og kurs, og for å leie publikum inn til nettsida skaparglede.no der dei kan finne meir informasjon om støtteordninga til omstillingsprogrammet og også det generelle næringsapparatet og støttmoglegheiter der.

nyss nyss.no

– FOR STRANDA OG SYKKYLVEN

ONSDAG 3. SEPTEMBER 2021

Nr 58 - ÅRSNÅD 78 - NR 30

Jobbar for omstilling SIDE 2-3

• Vil lære næringsutvikling i Sykkylven

Kommunen inviterer til dialog

Sykkylven kommune vil kartlegge kor godt næringslivet er utrusta til omstilling. Kommunen vil kartlegge kor godt næringslivet er utrusta til omstilling. Kommunen vil kartlegge kor godt næringslivet er utrusta til omstilling.

Støttar gründersatsing

Det har blitt gjort mange tiltak for å støtte opp under næringslivet i Sykkylven. Kommunen vil støtte opp under næringslivet i Sykkylven. Kommunen vil støtte opp under næringslivet i Sykkylven.

Vil skape ny vekst

Grunnleggerne fortel at det no er i samtalar med ein lokal firma, Ludvigsen Bygg, om å bygge ut. Dei ni arvingane, enkelte litt opp i åra, er vist opp glade for å få gjort dette opp for neste generasjon tar over.

Sommerposten har riddere aktive om av satsing på reiseliv i Sykkylven.

Kommunen har som mål å bidra til totalt 170 nye arbeidsplassar til 2028. Det fortel Lise Haukeberg. Ho er leiar for omstillingen i kommunen i Sykkylven. Dette programmet er delvis finansiert nettopp av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Haukeberg omtaler det som ein ekstra muskel til næringsutvikling og aktivitet. Dette inkluderer også tilgang til bustader.

– Akkurat no går det veldig bra med næringslivet her i Sykkylven, seier Torill Velle (H), på liste til stortingsvalet haust. – Men vi har ein særbar næringsstruktur. Derfor er det ekstra viktig også med attraktive bustader. Det vil gjere eit løft til bygda, seier Velle.

Sykkylven får hjelp til omstilling

Det har blitt gjort mange tiltak for å støtte opp under næringslivet i Sykkylven. Kommunen vil støtte opp under næringslivet i Sykkylven. Kommunen vil støtte opp under næringslivet i Sykkylven.



Omstillingsprogrammet har òg støtta ei rekke aktivitetar som SNU har hatt regien på, til dømes frukostmøte og bransjetreff for møbelindustrien i regi av Norsk Industri og i samarbeid med SNU. Og, ikkje minst har vi vore med å støtta SNU si storsatsing, SkaparLINKEN, det nye kontorfellesskapet i Aure sentrum, som har opning i januar 2022. I SkaparLINKEN vil også omstillingsprogrammet ha kontorplass, og det lokale verkemiddelapparatet for næringslivet vil da sete samla. Vi ser vi fram til å skape mykje bra aktivitet ilag med SNU i SkaparLINKEN.

Vi deltok på Innovasjonsfestivalen i Åndalsnes, og på Industrial Design Conference (IDC-konferansen) på Giske. På begge desse konferansane inviterte vi med lokalt næringsliv. Oppslutninga til å bli med var ikkje stor, og lærdomen var blant anna at vi må vere tidlegare ute med å invitere bedriftene med, samt at promoteringa bør skje i fleire kanalar. Korleis vi rekruttera til aktivitetar er viktig for oss framover, og syne nytta ved å delta på aktivitetar for bedriftene.

Vidareutvikling av industrinettverk er krevjande prosessar, dette har vore eit område som omstillingsprogrammet har følgd med på, men ikkje har hatt kapasitet til å iverksette noko tiltak på i 2021. Nokon prosjekt har vore initiert og nær ved å søke midlar, men har hatt behov for meir tid før dei er klare for å køyre i gong prosjekt. Det har vore dialog med næringslivet og med Sykkylven Industri og Næringslag, og i samarbeid med SNU planleggast det tiltak for å følgje opp industrinettverk i 2022.

Gjennom SNU har omstillingsprogrammet tilgang til eit regionalt nettverk, som deira samarbeidspartnarar i Ålesund kunnskapspark (åkp), Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS), Hoppid Møre og Romsdal, næringsavdelinga i Stranda kommune, med fleire. I tillegg har det vore viktig at omstillingsprogrammet er med på å knytte tettare og nye band til miljø som næringslivet i Sykkylven kan dra nytte av. Oppfølging av kommunen sitt medlemskap i Framtidslaben har vore prioritert for å auke

kunnskapen til både kommune og næringsliv om berekraft og berekraftsmåla, og her vil vi jobbe med felles aktivitetar i 2022. I tillegg har vi dialog med blant anna Skaparhuset i Ulsteinvik og deira samarbeidspartnar ProtoMore i Molde, NextDigital som er eit bedriftsnettverk i Møre og Romsdal. Fleire aktørar innan FoU-miljø vil bli prioritert å arbeide med i året som kjem.

Om dei tre store programma som er i gong: Felles for alle dei større programma er at dei er eit samarbeid mellom Innovasjon Norge og omstillingsprogrammet, og at det leverast i samarbeid med konsulentar godkjente av Innovasjon Norge. Alle programma gjennomførast etter PLP-metodikken; Forstudie, forprosjekt og hovudprosjekt. Omstilling er i hovudsak med å støtte dei to første fasane.

SMB-utvikling: SMB (små- og mellomstore bedrifter) - Utvikling er eit program som hjelper små og mellomstore bedrifter til bedra konkurransekraft, lønsemd og innovasjonsevne. I forstudien var 21 bedrifter med, i perioden mai-august 2021. Forprosjektet starta opp i september, her er 11 bedrifter med. Forprosjektet avsluttast i februar 2022. Prosjektansvarleg er omstillingsprogrammet v/Lise Haukeberg, BDO v/Harald Husabø er engasjert som konsulent her.

Reisemålsutvikling: Programmet skal resultere i ein langsiktig og heilskapleg strategi for Sykkylven som reisemål, med målsetting om auka lokal verdiskaping. Forstudien gav ei situasjonsanalyse over lokalt reiseliv, og avklara føresetnader og ressursfundament for den eventuelle vidareføringa. Det vart vedteke å gå vidare, forprosjektet starta i august 2021 og går ut på å lage ein masterplan for reiselivet i Sykkylven basert på kartlegginga i forstudien. Prosjektansvarleg er SNU v/Åsne Folstad, Mimir v/Marie Bergsli er engasjert som konsulent her.

Næringsvennleg kommune: Næringsvennlig kommune er eit verktøy for kommunar som vil styrke sin funksjon som tilretteleggjar og



samarbeidspartner for lokalt næringsliv. Forstudie vart gjennomført juni-november 2021. Forprosjekt starta opp desember 2021 og vil gå til juni 2022. Prosjektansvarleg er omstillingsprogrammet v/Lise Haukeberg PWC v/Ingvill Flo er engasjert som konsulent her.

2.3 Programstatusvurdering

Programstatusvurdering gjennomførast ein gong per år i heile omstillingsperioden, der hensikta er å kunne nytte en hel dag til å vurdere eige utviklingsarbeid, sjå heilheita i prosessane og saman konkretisere kor ein bør vurdere ytterlegare innsats for å bli betre. Vurderingane her er retta mot forbedringspotensialet, og er såleis ikkje ein balansert skildring av arbeidet i Sykkylven.

Hovudkonklusjon frå programstatusvurdering 2021:

«Omstillingsprogrammet i Sykkylven har kommet godt i gang, etablert gode rutiner og arbeider målrettet. Handlingsplanen er godt forankret med klare mål og det er god framdrift på arbeidet med handlingsplanen. Programmet har funnet «sin plass» og samarbeider godt med andre utviklingsorganisasjoner, men det blir viktig å jobbe vidare med rollene slik at man ikke blir utydelig eksternt.

Programmet har tatt godt i bruk verktøy og begrepsapparat og man ser at det ligger potensial i næringslivet ut fra forstudie i SMB utvikling og andre søknader som har kommet inn som kan støtte godt oppunder arbeidsplass målene. Programmet ligger litt bak plan i måloppnåelse på arbeidsplasser pr dato, som henger sammen med oppstart og at det tar tid før man får

gjennomført prosjekter og får innrapportering» (Sluttrapport programstatusvurdering, 2021).

Anbefalingar for 2022:

1. Vidare arbeid med forankring og kommunikasjon av omstillingsarbeidet for å sikre forståing og behov for omstilling, samt å nå breiare ut. Dette gjennom vidare å detaljere og iverksetting av kommunikasjonsplan.
2. Kompetansebehovet i næringslivet bør kartleggast nærmare og definerast for å kunne sette i verk målretta tiltak. Vurdere korleis man bevisst kan trekke inn relevante kompetanse-/FoU-/fagmiljø, dette for å støtte opp under næringslivet og utvikle slike miljø lokalt og regionalt.
3. Definere korleis ein vil jobbe med berekraft i omstillingsarbeidet og opp mot bedriftene/kommunen som del av handlingsplan 2022. Hente erfaring frå Innovasjon Norge eller andre omstillingsområder på korleis de har integrert berekraft i deira arbeid.
4. Vurdere kva måleindikatorar/parameter (næringsstruktur, soliditet, arbeidsplassar, demografi, osv.) som er relevant å følge opp for omstillingsprogrammet og utvikle system for måling/rapportering.
5. Trekke inn bedrifter på styremøte for å orientere om prosjekter tidleg og i sluttrapportering for å gi merksemd til bedriftene og samtidig auke kunnskapen til styret om erfaringar frå ulike prosjekter.

Omstillingsstyret vil arbeide vidare med desse anbefalingane i 2022 og har inkludert nokre av punkta konkret i handlingsplanen for 2022.



2. Innsatsområda – resultat

3.1 Innsatsområde 1. Skaparglede i næringslivet

Arbeidsplassmål:

1. Skaparglede i arbeidslivet – arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Mål	10	15	25	25	25	30	130
Resultat	10,5						10,5
Avvik	+0,5						+0,5

Strategiar, delmål og resultat:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
A. Teknologi og marknad	Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere utviklingsprosjekt	- Gjennomføre forstudie SMB utvikling - Oppstart forprosjekt SMB utvikling	- Gjennomført forstudie SMB-utvikling - Nær gjennomført forprosjekt SMB-utvikling
B. Bedriftsretta tiltak	Støtte utviklingsprosjekt (forstudiar og forprosjekt) frå bedriftene	Iverksett minimum 5 prosjekter	7 bedriftsutviklingsprosjekt i bedrifter
C. Kompetanse og rekruttering	- Gjennomføre kompetansekartlegging som grunnlag for tiltak - Gjennomføre kompetansehevande tiltak basert på kartlegging - Støtte rekrutteringstiltak som sikrar bedriftene tilgang på kompetanse	- Gjennomført kompetansekartlegging - Iverksett minimum 4 kompetanse og rekrutteringstiltak	- Komp.kartlegging gjennom SMB-utvikling - Spørjeundersøking kompetanse bedrifter nov.21 - Digital komp.kartlegging nov.+des.21 2-dagars PLP-kurs gjennomført - Støtte til rekrutteringskampanje gjennomført x2 - Oppstart samarbeidsforum næring/skole 13.12.21



3.2 Innsatsområde 2. Opplevingsnæringane

Arbeidsplassmål:

2. Opplevingsnæringane – arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Mål	5	5	5	5	5	5	30
Resultat	0,5						0,5
Avvik	-4,5						-4,5

Strategiar, delmål og resultat:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
D. Masterplan reiselivet	Gjennomføre masterplan reiselivet	1. Ferdigstille forstudie med prosjektrapport, iverksette forprosjekt masterplan for reiselivet	1. - Forstudie masterplan gjennomført - Forprosjekt starta
E. Produkt og marknad	Støtte utviklingsprosjekt frå bedriftene som utviklar nye produkt og nye marknader for aktørane i opplevingsnæringane i Sykkylven. Tilby rådgiving/mentorstøtte til bedrifter som har behov inn i utviklingsprosjekt.	1. Iverksett minimum 5 prosjekter	1. 2 prosjektsøknadar innvilga
F. Kompetanse	Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevande tiltak	1. Iverksett minimum 3 kompetansetiltak, deriblant gjennomføre kompetanseprogram for handels- og servicenæringa (KHS)	1. KHS vedtatt, rekruttering i gong, første samling utsett til feb.2022 - Handel/service/reiseliv også delaktig i digital komp.kartlegging



3.3 Innsatsområde 3. Samarbeid og nettverk

Arbeidsplassmål - Har ikkje arbeidsplassmål i 2021:

3. Samarbeid og nettverk – arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Mål	0	2	2	2	2	2	10
Resultat	0						0
Avvik	0						0

Strategiar, delmål og resultat:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
G. Industri	Gjennomføre strategi og forankringsprosess knytt til behov for nettverk blant industribedriftene. Vidareutvikle eksisterande samhandlingsarenaer for og i samarbeid med bedriftene	1. Strategiplan for industrinettverk 2. Minimum 1 samarbeid/nettverksprosjekt	1. - Nokre behov kom fram gjennom SMB-utvikling. - Nokre idear har også kome fram gjennom NVK. - Blir fulgt opp vidare i Handlingsplan 2022 2. - Innvilga støtte til 1 nettverksprosjekt - Fellestur til Innovasjonsfestivalen + IDC - Etablering av mentor-pool i samarbeid med SNU under arbeid
H. Opplevingsnæringar	Støtte utvikling av reiselivsforum som arena for aktørane i opplevingsnæringane Legge til rette for samarbeidsarena mellom aktørane i landbruk og lokalmat. Bidra til å skape arena for samarbeid i skjeringspunktet mellom aktørane i reiselivet, opplevingar, lokalmat, design og kultur.	1. Iverksett minimum 3 felles-/samarbeidsprosjekt	1. - 3 felles-/samarbeidsprosjekt støtta - Reiselivsforum – arrangement på trappene i desember 21 – utsatt til februar 2022
I. Møteplassar og «co-work»	Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere moglegheiter knytt til møteplassar/«co-work» for bedrifter, gründerar og ungdom.	1. Forprosjekt for å vurdere etablering av «co-work» miljø	1. Støtte til forprosjekt co-work, utvikling og skisser



3.4 Innsatsområde 4. Attraktive Sykkylven

Har ikkje arbeidsplassmål.


Strategiar, delmål og resultat:

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
J. Næringsvennleg kommune	Gjennomføre forstudie næringsvennleg kommune	1. Kartlegge no-situasjonen og definere forbetningsområde for næringsarbeidet i kommunen 2. Oppstart forprosjekt	1. Forstudie gjennomført 2. Forprosjekt starta
K. Møteplassar og kommunikasjon	Etablere fast møteplass mellom kommunen og næringslivet Aktiv og samordna kommunikasjon	1. Etablert 1 fast møteplass 2. Samordning av kommunikasjonsarbeidet med kommunen og SNU	1. Delmål 1 heng tett saman med tiltak som kjem ut av NVK fase 2 2. Ny nettside utarbeidd Info om omstilling til kst, NU, SINL, HF, media, mm
L. Sentrumsutvikling	Involvere handelsforeining, eigedomsaktørar og eldsjeler i arbeidet med å utvikle sentrumsområda	1. Etablere prosjekt for å involvere handelsforeining, eldsjeler og eigedomsaktørar i arbeidet med areal- / reguleringsplan for sentrumsområda	1. Ikkje etablert. Heng tett saman med tiltak som kjem ut av NVK fase 2 og ny samfunnsplan under arbeid.
M. Areal	Kartlegging og skildring av tilgjengelege tomteareal for næring og bustad, og ledige næringslokale og utleigebustader	1. Rapport over tilgjengelege tomter for næring og bustad, ledige næringslokale og utleie bustadar	1. Eit møte gjennomført, følgjast opp i handlingsplan 2022



3. Organisering og drift

4.1 Organisasjonsform og eigarskap



Omstillingsarbeidet er organisert som eit program eigd av Sykkylven kommune. Programmet er ansvarleg for å gjennomføre det ekstraordinære arbeidet med næringsutvikling og rapportera til kommunestyret.

4.2 Omstillingsstyret

Omstillingsstyret er satt i saman av representantar frå kommunen og næringslivet. Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunedirektør i Sykkylven kommune og dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling AS er observatørar i styret. Omstillingsstyret er ansvarleg for utarbeiding av strategi og handlingsplan for omstillingsprogrammet. I 2021 vart det gjennomført 8 styremøte i omstillingsprogrammet.

Medlemmar i omstillingsstyret i 2021:

1. Styreleiar - Sykkylven kommune, ordførar Odd Jostein Drotninghaug
2. Politisk representant, Torill Velle
3. Politisk representant, Clara Strømmegjerde
4. Sykkylven Industri- og Næringslag, styremedlem Leif Jarle Aure

5. Styreleiar SNU, Øystein Vikingsen Fauske
6. Sykkylven Handelsforening, leiar Kåre Atle Vangen
7. Sykkylven Stål, marknadssjef Ranveig Mari Fagerli
8. Bankplassen Mat og Drikke, Anita Igelkjøn
9. Driv Design, Åse Fet

Observatørar i omstillingsstyret med møte- og talerett:

1. Innovasjon Norge, spesialrådgjevar omstilling Anne Helgesen
2. Møre og Romsdal fylkeskommune, ass. næringsdirektør Eivind Vartdal Ryste
3. Sykkylven kommune, kommunedirektør Geir Ove Vegsund
4. Sykkylven Næringsutvikling, Åsne Folstad
5. Programleiar omstillingsprogrammet, Lise Haukeberg

4.3 Samarbeidsrelasjonar

Omstillingsprogrammet kjem i tillegg til det ordinære næringsutviklingsarbeidet som Sykkylven Næringsutvikling (SNU) varetek, difor jobbar SNU og omstillingsprogrammet tett saman for å best mogleg kunne hjelpa næringslivet.

4.4 Administrasjon og drift

Programleiar er tilsett i kommunen og er ansvarleg for å drifte aktivitetane som styret setter i gang i programmet. Kommunen sitt arkivsystem og rekneskapssystem nyttast til arkivering, saksbehandling, utbetalingar og rekneskap.



4. Kommunikasjon

Omstillingsprogrammet har ein eigen kommunikasjonsstrategi. Programleiar har følgd denne og orientert i kommunestyret med halvårsrapportering av arbeidet i omstillingsprogrammet den 6.juni 2021. Både før sommaren, etter sommaren og utover hausten, har omstillingsprogrammet prioritert å delta på diverse lokale og regionale møter, både i næringsliv og politisk, samt nytta lokale media for å fortelje om dei ekstraordinære midla Sykkylven kommune no har fått til næringsutvikling. Dei sosiale media Facebook og Instagram har vore nytta til å informere om aktivitetar og kurs, og for å leie publikum inn til nettsida skaparglede.no der dei kan finne meir informasjon om støtteordninga til omstillingsprogrammet og også det generelle næringsapparatet og støttmoglegheiter der. Sjå vedlegg 3 for oversikt over større møter og medieoppslag i 2021.

5. Finansiering og innvilgingstatus 2021

Omstillingsprogrammet vil bli finansiert gjennom midlar fra Fylkeskommunen, kommunen og Sykkylven Industri- og Næringslag. Ambisjonen er ei finansiering på 5,4 millionar per år i 6 år, for 2021 såg finansieringa slik ut:

Finansiering	2021
Møre og Romsdal fylkeskommune*	4 000 000
Sykkylven kommune/Sykkylven Industri og Næringslag	1 400 000
Total	5.400.000

Tildelinga i frå Møre og Romsdal fylkeskommune var i 2021 på 4 millionar kroner. Ramma på totalt 5,4 millionar kroner vart fordelt på følgjande vis:

Innsatsområde	Program-aktivitet	Søkbare midlar*	Administrasjon**	Totalramme
Skaparglede i Næringslivet	1.000.000	1.000.000	300.000	2.300.000
Opplevingsnæringar	500.000	450.000	150.000	1.100.000
Samarbeid og nettverk	800.000	0	250.000	1.050.000
Attraktive Sykkylven	400.000	0	200.000	600.000
Administrasjon**	0	0	350.000	350.000
Totalt	2.700.000	1.450.000	1.250.000	5.400.000

*Søkbare midlar er midlar øymerka søknadar i frå bedrifter til utviklingsprosjekt. Det vil vere tilgjengelege midlar å søkje på i frå andre strategiområde også, men der er gjerne midla retta mot både aktivitetar som omstillingsprogrammet initiera og prosjekt i frå bedrifter.

** Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, løn til styreleiar og prosjekteigar, møtekostnader og møtgodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

Vedtekne tilsegn aktivitet og prosjekt per innsatsområde i 2021:

Innsatsområde	Tilsegn 2021
Skaparglede i Næringslivet	1.671.664
Opplevingsnæringar	600.000
Samarbeid og nettverk	392.150
Attraktive Sykkylven	219.880
Totalt	2.883.694



6. Rekneskap omstillingsprogrammet 2021

Kjende inntekter og utgifter 2021	
Inntekter	2021
Sykkylven kommune eigenandel	1.000.000
Sykkylven Industri og Næringslag og Sykkylven Næringsutvikling	400.000
Møre og Romsdal Fylkeskommune	4.000.000
Prosjektinntekter (eksterne tilsegn Innovasjon Norge)*	946.888
Sum inntekter	6.346.888
Kostnader	
Innvilga aktivitetar (inkl. totale kostnad ved eksternt tilsegn)**	3.830.582
Administrasjon***	1.497.297
Sum kostnader	5.327.879
Resultat til vidare programarbeid****	1.019.009

* Faktisk inntekt frå IN til omstillingsaktivitet er 1.246.888, men 300 000kr av desse kjem ikkje fram i kommunen sitt rekneskap, da dette vart ivareteke av SNU og synast i deira rekneskap.

** Prosjekt der Innovasjon Norge (IN) er inne og delfinansiera, her er det rekna totalkostnad for prosjektet. Det samsvarar da med prosjektinntekter i frå IN.

***Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, løn til styreleiar og prosjekteigar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

****Mindreforbruk settast på ein fondskonto og blir tilgjengeleg for omstillingsprogrammet i 2022.

Ansvar 70120 – Omstillingsprogrammet (7.2.2022)

Art	Art namn	Rekneskap 2021**	Kommentar
10100 -12010	Administrasjon*	1 402 445	
12700	KONSULENTTENESTER	1 534 917	Pga. intern ordning mellom SNU og SINL er denne posten kr 200 000 for lav
14290	UTGIFTSFØRING MOMSKOMP DRIFT	384 729	
14700	OVERFØRINGAR TIL ANDRE	649 089	
17007	ANDRE REFUSJONAR FRÅ STATEN/STATLEGE INSTITUSJONAR	-272 388	
17290	INNTEKTSFØRING MOMSKOMP DRIFT	-384 729	
17300	REFUSJON FRÅ FYLKESKOMMUNAR	-4 000 000	
17700	Tilskot SNU til Omstillingsprogrammet	-200 000	Pga. intern ordning mellom SNU og SINL er også denne posten kr 200 000 for lav (opprinneleg kr 400 000)
15400	Avsetning til fond	1 235 900	Overførast frå 2021 til 2022 via fondsavsetning

* Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, løn til styreleiar og prosjekteigar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

**Endeleg bekrefta rekneskap frå kommunen er klart 22.2.2022, det tas difor atterhald om endringar, og årsrapport vil bli oppdatert når dette føreligg.



Kommentarar til rekneskapen: Tabellen «Kjende inntekter og utgifter 2021» synar det som er innvilga i frå omstillingsprogrammet i 2021, og det som er innvilga i medfinansiering til omstillingsprogrammet i 2021. Denne tabellen inneheld informasjon som kjem i tillegg til rekneskapen ført av kommunen, den synar det vi veit har blitt gitt av tilsegn. Prosjektinntekter som står oppført i 2021 består av tilskot i frå Innovasjon Norge, dei er med og delfinansiera enkelte prosjekt og større programaktivitet, dette er midlar som kjem i tillegg til totalramma på 5,4 millionar. Tilskot i frå Innovasjon Norge kjem inn når prosjekt er rapportert ferdige, alle inntektene her i frå er difor ikkje synlege i kommunerekneskapen for 2021.

Rekneskapstal for omstillingsprogrammet vil enkelte år kunne vise både mindre og større utbetalingar og innbetalingar enn kva styret har innvilga/budsjettert med det gjeldande året, det gjeld også for 2021. Grunnen til dette er at omstillingsprogrammet utbetalar dei totale prosjektkostnadane til større prosjekt der vi har medfinansiering i frå eksempelvis Innovasjon Norge, og der medfinansieringa vil kunne kome som inntekt i påfølgjande års rekneskap. Bedrifter og nettverk som har motteke tilsegn på midlar i frå omstillingsprogrammet får utbetalt delar av midlane undervegs, men sluttutbetaling skjer først når sluttrapport føreligg, midlar som er gitt tilsegn på og ikkje utbetalt i 2021 settast på fond til utbetaling i 2022.



7. Vedlegg

Vedlegg 1 – Prosjektportefølje 2021

Prosjektportefølje 2021									
År	Prosjekt.	Søker	Prosjekt	Type pros	Kostandst	Søknadsb	Bevilget b	Innsatsområde	Annen finansier
2021	2021/1	Omstilling	Forstudie SMB Utvikling	Forstudie	kr 240 000	kr 120 000	kr 120 000	1. Skaparglede i næringslivet 17116	Innovasjon Norge
2021	2021/2	Omstilling	Forstudie Næringsvennlig kommune	Forstudie	kr 220 000	kr 110 000	kr 110 000	4. Attraktive Sykkylven 17119	Innovasjon Norge
2021	2021/3	Omstilling	Forstudie co-work/gründeriet	Forstudie	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	3. Samarbeid og nettverk 17118	
2021	2021/4	Omstilling	Forprosjekt SMB utvikling	Forprosjekt	kr 800 000	kr 400 000	kr 400 000	1. Skaparglede i næringslivet 17116	Innovasjon Norge
2021	2021/5	Omstilling	Forprosjekt Næringsvennlig kommune	Forprosjekt	kr 240 000	kr 120 000	kr 120 000	4. Attraktive Sykkylven 17119	Innovasjon Norge
2021	2021/6	Omstilling	Forprosjekt reisemålsutvikling	Forprosjekt	kr 600 000	kr 300 000	kr 300 000	2. Opplevingsnæringar 17117	Innovasjon Norge
2021	2021/7	Omstilling	PLP-kurs	Forstudie	kr 69 554	kr 52 166	kr 52 166	1. Skaparglede i næringslivet 17116	Innovasjon Norge
2021	2021/8	Omstilling	WEB-utvikling - Skaparglede	Hovedprosjekt	kr 79 980	kr 79 980	kr 79 980	4. Attraktive Sykkylven 17119	
2021	2021/9	Omstilling	Kompetanseprogram handel og service	Forstudie	kr 424 500	kr 150 000	kr 150 000	2. Opplevingsnæringar 17117	Innovasjon Norge
2021	2021/10	PC Support Eiendom	Næringsfabrikken	Forstudie	kr 145 200	kr 72 600	kr 72 600	1. Skaparglede i næringslivet 17116	
2021	2021/11	Nordic Farmer AS	Din hud	Forprosjekt	kr 305 200	kr 152 600	kr 152 600	1. Skaparglede i næringslivet 17116	
2021	2021/12	PC Support	Informasjonssikkerhet	Forstudie	kr 172 100	kr 86 050	kr 86 050	1. Skaparglede i næringslivet 17116	
2021	2021/13	Rongane	Rongane Fjelltun	Forstudie	kr 200 000	kr 100 000	kr 100 000	2. Opplevingsnæringar 17117	
2021	2021/14	Mestre AS	Mestre arbeidsliv	Forprosjekt	kr 400 000	kr 200 000	kr 200 000	1. Skaparglede i næringslivet 17116	
2021	2021/15	Brennevinsgrova	Grønn whiskyproduksjon	Forstudie	kr 100 000	kr 50 000	kr 50 000	2. Opplevingsnæringar 17117	
2021	2021/16	Sykkylven CrossFIT	Utvikling Sykkylven CrossFIT	Forprosjekt	kr 330 000	kr 165 000	kr 165 000	1. Skaparglede i næringslivet 17116	
2021	2021/17	Blakstad gard	Nettverksaktivitet reiseliv og lokalmat	Forstudie	kr 42 000	kr 21 000	kr 21 000	3. Samarbeid og nettverk 17118	
2021	2021/18	SNU	Nettverksaktivitet Plusslab	Forprosjekt	kr 60 000	kr 30 000	kr 30 000	3. Samarbeid og nettverk 17118	
2021	2021/19	SNU	Kyststien	Forstudie	kr 200 000	kr 100 000	kr 100 000	3. Samarbeid og nettverk 17118	
2021	2021/20	Næringsfabrikken	Mulighetsstudie Næringsfabrikken	Forstudie	kr 200 000	kr 100 000	kr 100 000	1. Skaparglede i næringslivet 17116	
2021	2021/21	Omstilling	Digital kompetansekartlegging	Forstudie	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	1. Skaparglede i næringslivet 17116	
2021	2021/22	Sykkylven Bitotpe AS	Sykkylven Bitotpe	Forstudie	kr 244 000	kr 100 000	kr 100 000	3. Samarbeid og nettverk 17118	
2021	2021/24	Ekornes AS	Utviklingsprosjekt AIV-internttransport	Forstudie	kr 247 600	kr 123 800	kr 123 800	1. Skaparglede i næringslivet 17116	
2021	2021/25	Omstilling	IDC - nettverksaktivitet		kr 2 375	kr 1 188	kr 1 188	3. Samarbeid og nettverk 17118	
2021	2021/26	Omstilling	Innovasjonsfestivalen - nettverksaktivitet		kr 4 900	kr 4 900	kr 4 900	3. Samarbeid og nettverk 17118	
2021	2021/28	SNU	Ekstra kostnad Driv design/planlegging		kr 33 150	kr 33 150	kr 33 150	3. Samarbeid og nettverk 17118	



Vedlegg 2 - Oversikt deltakarar SMB-utvikling og PLP-kurs 2021

SMB-utvikling: Formålet med SMB-Utvikling prosjekter er å styrke vekstkraftige bedrifter innanfor eksisterande næringsliv i ein region. Hovudmålet er å gi varig utviklingsstimulans og styrke deltakarbedriftenes evne til å tene pengar på kort og lang sikt ved å utvikle forretningsmoglegheitene rundt bedriftene, og ved å tilføre utviklingskompetanse gjennom å arbeide med konkrete utviklingsoppgåver.

Deltakarbedrifter i forprosjekt SMB-utvikling 2021:

	Selskapsnavn
1	Brødrene Aursnes
2	Innovern
3	PC Support
4	Amatec
5	Norsit
6	Ludviksen Bygg
7	Brenne Entreprenør
8	Blakstad Gard
9	Brennevinsgrova
10	Maskinservice Sykkylven
11	Droneakademiet
12	Eventhub (Fjøla)



PLP-kurs: Med PLP (prosjektleiarprosessen) får leiarar av omstillingsarbeid og enkeltprosjekta i omstillingskommunar innføring i ein velutprøvd metode for prosjektgjennomføring, og et felles omgrepsapparat om prosjektarbeid. Alle prosjekt som mottok omstillingsmidlar, skal styrast etter PLP-metodikken og nytte den organiseringa og det omgrepsapparatet som følgjer med.

Deltakarbedrifter på PLP-kurs i 2021:

PLP-KURS 17.+18.AUG 2021 – OMSTILLING SYKKYLVEN

NR.	Navn	Bedrift
1	Harald Strømmegjerde	Brennevinsgrova
2	Oddbjørn Stave	Formfin/produksjonssjef
3	Steinar Myrseth	Formfin/Adm.dir.
4	Geir Kvalvåg	Formfin/marknadssjef
5	Sindre Lade Rønes	Plato og Purecod
6	Karianne Ellefsen Skotte	Rongane Fjelltun/gründer
7	Jon Christian Ulvan	PC Support AS
8	Grethe Loe	Innovern/dagleg leiar
9	Ståle Welle	PC Support AS/CEO
10	Bengt Langlo	PC Support AS
11	Lill Therese Aurdal Fure	Skaparglede/SNU
12	Karoline Blakstad	Blakstad Gard, dagleg leiar
13	Lars Einar Riksheim	Amatec/produkt- og marknadssjef
14	Steinar Fet	Amatec/dagleg leiar
15	Lise G. Haukeberg	Programleiar omstilling



Vedlegg 3 - Oversikt Informasjon om omstillingsprogrammet, media og møter

KOMMUNIKASJON OM OMSTILLINGSPROGRAMMET 2021

KOMMUNIKASJON GJENNOM MØTER, AVISOPPSLAG, MED MEIR

Aktivitet	Dato	Tema
Møte med Sykkylven kommune + rektorer + Ungt Entreprenørskap	2.6.2021	Orientering om omstilling og samarbeidsmoglegheiter
Møte med SINL og HL	14.6.2021	Orientering om omstilling
Møte i Rotary (representert ved Åsne/SNU)	9.6.2021	Orientering om omstilling
Media: NYSS (lokalavis Sykkylven og Stranda)	16.6.2021	Sparebank1 SMN og SNU + omstilling om nye lokalar
Kommunestyremøte	21.6.2021	Status omstillingsprogrammet
Media: Innslag i NRK Møre og Romsdal TV	20.7.2021	Om omstillingsprogrammet i Sykkylven
Media: Sunnmørsposten (regionsavis)	15.8.2021	KMD/Nikolai Astrup – om omstillingsprogrammet
Media: NYSS (lokalavis Sykkylven og Stranda)	1.9.2021	Om programmet Næringsvennlig kommune (NVK)
Årsmøte i Sykkylven Industri og Næringslag (SINL)	28.9.2021	Orientering om omstilling
Møte i Næringsutvalget i Sykkylven (NU)	4.10.2021	Orientering om omstilling og status NVK
Frukostmøte	5.11.2021	Om kompetansebehov og tilrettelegging frå omstilling
Årsmøte Sykkylven Høgre	25.11.2021	Orientering om omstilling
Sparebanken Møre, Næringsavdeling i Sykkylven	30.11.2021	Orientering om omstilling
Nyheitsbrev til kommunetilsette	17.12.2021	Orientering om omstillingsprogrammet



OMSTILLINGS
PROGRAMMET

Kontakt

Lise Haukeberg, programleiar omstilling

Tlf.: 98 88 22 92

E-post: lise.haukeberg@sykkylven.kommune.no

Web: <https://www.skaparglede.no/omstillingsprogrammet/>



SYKKYLVEN



SKAPARGLEDE